

# Høgtlesing av biletboka

TID: 45 minutt


UTSTYR OG FØREBUING: Smarttavle med biletboka Eventyret om flodhesten.

TIPS: Ta biletboka fram på smarttavle via Nynorsksenteret.

## Oppstart før lesing

Introduser temaet med å synge «Kom som du er». La elevane studere, utforske og undersøke framsida til biletboka. Be elevane fortelje læringspartnaren kva dei legg merke til. Ta så ein sekvens i fellesskap og samtal med elevane om følgjande:

- Kva kan tittelen fortelje oss?
- Kva fortel biletet oss? Kva fargar er brukte? Kva dyr ser du?
- Kva veit de om savannen? Kan de nemne andre dyr som bur på savannen?



## Under lesing

Læraren les høgt. Ver merksam på elevane og ta naturlege lesestopp for samtale. Snakk om innhaldet og spesifikke hendingar i biletboka. Still gjerne filosofiske spørsmål og la elevane reflektere og undre seg. Til dømes kan ein snakke om eigenverd og tilhøyrsel:

- Kvifor finst eg eigentleg? (s. 6–7)
- Kva kan vere bra med å gjere noko av det same kvar dag? (s. 6–7)
- Korleis kan dyra stoppe flodhesten? (s. 10–11)
- Kven trur du treng deg? Og kvifor? (s. 20–21)

## Etter lesing

La elevane samtale med læringspartnar om innhaldet i biletboka. Ta deretter ei økt i fellesskap og samtal med elevane om følgjande:

- Kva synest de om boka? Kva la de merke til?
- Kvifor var flodhesten lei seg? Kva bidrog til at han kjende seg betre?
- Korleis kan hjartet, magen og lemmane kjennast ut når du er trist, glad, einsam og misunneleg?
- La du merke til den vesle fuglen då vi las? Kvifor trur du den vesle fuglen følgjer flodhesten heile vegen gjennom biletboka?

Avslutt økta med å synge songen «Det var ein gong ein flodhest», som er basert på biletboka Eventyret om flodhesten.